

Forskrift om satsar for berekning av grunntilskot til private barnehagar i Kvam herad for 2027

Fastsett av heradsstyret i Kvam herad [dato] med heimel i [lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager \(barnehageloven\)](#) §§ 19 og 19a og Forskrift 23. mars 2026 nr. 454 om finansiering av private barnehager (finansieringsforskriften) § 1 og §27, jf. § 6.

§ 1. Verkeområde og ikrafttreding

Forskrifta fastset satsar for berekning av grunntilskot til private barnehagar i Kvam herad for tilskotsåret 2027.

Forskrifta gjeld for private ordinære barnehagar i kommunen som har rett til tilskot etter barnehagelova § 19, fyrste og andre ledd.

Forskrifta trer i kraft 30. november 2026.

§ 2. Satsar for grunntilskot

Ved berekning av grunntilskot til private barnehagar vert det nytta følgande satsar per heiltidsplass.

Ordinære barnehagar:

Barn 0-2 år: 344 473

Barn 3-6 år: 183 115

§ 3. Berekningsgrunnlaget og atterhald om endringar

Satsane er berekna på grunnlag av det siste tilgjengelege kommuneregnskap som er regnskapsåret 2025.

For ordinære barnehagar er satsane berekna ut frå kommunen sine ordinære driftsutgifter i tilsvarande kommunale barnehagar, med dei frådraga og påslaga som følg av barnehagelova § 19a og finansieringsforskrifta.

Foreldrebetaling for kommunale barnehagar er trekt ut frå berekningsgrunnlaget.

Satsgrunnlaget er indeksregulert med kommunal deflator (forventa pris- og lønnsvekst i kommunesektoren).

Kommunen tek atterhald om at satsane kan justerast dersom:

- Stortinget vedtar endringar i kommunal deflator
- Stortinget vedtar endringar i maksimalpris for foreldrebetaling
- kommunen vedtar lågare foreldrebetaling enn nasjonal maksimalpris



Eventuelle justeringar av satsar på grunn av forhold nemnt over, vert gjort administrativt utan førehandsvarsel jf. forvaltningslova §37, fjerde ledd, bokstav c. Justerte satsar vert formidla til private barnehagar og forskrift vert oppdatert utan unødigg opphald.

§ 4. Dokumentasjon på berekninga

Berekninga av satsane går fram av saksframlegg i sak med saksnummer XXXX/alt. Dokumentasjonen er utarbeida i samsvar med rettleiar utarbeida av KS og PBL.

§ 5. Forholdet til enkeltvedtak om kommunalt tilskot

Denne forskrifta fastset satsar for berekninga av grunntilskotet til private barnehagar. Tilskotet til den enkelte private barnehage vert fastsett som enkeltvedtak etter barnehagelova §§ 19a-c, og finansieringsforskrifta § 3.

